
Saksnr: 2021/5823-1
Saksbehandlar: Tor Ivar Sandvik

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.05.2021

Landslinetilbud toppidrett i skiidrettar ved Voss gymnas

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse støttar ein søknad om landslinetilbud i toppidrett i skiidrettar ved Voss gymnas.
2. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse utformar og sender søknad til Utdanningsdirektoratet med mål om oppstart av tilbudet til skuleåret 2023/24.

Samandrag

Fylkesdirektøren har motteke søknad frå Voss gymnas om landsline innan skiidrett frå og med skuleåret 2022/23. Tilbodet vil erstatte eksisterande toppidrettstilbud ved skulen. Grunna sakshandsamingsfrister hos Utdanningsdirektoratet vil første mogelege oppstart vere skuleåret 2023/24.

Fylkesdirektøren støttar initiativet og vil sende ein søknad til Utdanningsdirektoratet.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Tor Ivar Sandvik
kst. seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Voss gymnas sende 3. februar 2021 søknad til fylkesdirektøren om landsline toppidrett innan skiidrettar frå og med skuleåret 2022/23.

Frå og med skuleåret 2006/07 har Voss gymnas hatt tilbod innan toppidrett. Dette var ei utviding og ei supplering av det idrettsfaglege tilbodet som allereie eksisterte på Voss. Dette tilbodet omfatta skiidrettane langrenn, skiskyting, alpint og freestyle. Det har sidan blitt utvida med friski og snøbrett.

Satsinga på toppidrett ski på Voss gymnas kom i stand som eit resultat av eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Olympiatoppen region vest. Tilbodet vart vedtatt politisk. Føremålet var å gje dei beste og mest talentfulle unge idrettsutøvarane eit tilbod fylkeskommunal regi. Før dette hadde dei etablerte toppidrettstilboda i landet vore i privat regi, og retta mot bestemte idrettar. Ein såg for seg eit tilbod av noko breiare karakter, der utøvarar innan alle idrettar kunne få eit tilbod gjennom den såkalla Hordalandsmodellen.

Grunngiving for landsline

Voss ligg sentralt i Sør-Noreg og Voss gymnas vil kunne vere eit attraktivt alternativ også for elevar utanom fylket, som driv med vintersport på toppnivå. Formålet med å opprette eit landslinetilbod på Voss, er å gje ungdom eit offentleg vidaregåande tilbod, som gjer at spesielt ungdom i Sør-Noreg slepp å flytte langt for å kombinere vidaregåande skule med satsing på idretten sin. Etter nedlegging av landslinetilbodet i alpint på Hovden, er Oppdal næraste offentlege skule med alpint satsing. Skikretsane i Rogaland og Agder støtter spesielt opp om eit tilbod innan alpint på Voss for deira ungdommar. Ein vil også på denne måten kunne gje eit offentleg tilbod innan toppidrett utanfor Vestland fylkeskommune sine grenser. Tilbodet vil også inkludere parautøvarar innan vinteridrettane.

Oversikta under viser kva skular og programområde som har status som landslinetilbod per 2021. Tabellen er noko misvisande då Hovden har lagt ned vidare satsing på alpint og har per 01.01.2021 ingen alpinistar ved skulen. Ein del av elevane på vg1 og vg2 som gjekk ved Hovden skigymnas, flytta over til Voss gymnas 1. januar 2021. Agder og Rogaland skikrets peika ut Voss som naturleg satsingsområde for alpint, og har styrka trenarteamet til alpinklubber på Voss med ein 100 % stilling.

Landslinje for enkelte friidrett/skiidrett/friluftsliv:

Fylkeskommune og skole	Idrettsgren	Maksimalt elevtall
Agder <ul style="list-style-type: none"> Setesdal vgs. avd. Hovden 	Alpint, snowboard og langrenn – vg1,vg2 og vg3	totalt 60 elever
Vestland <ul style="list-style-type: none"> Stryn vgs. 	Skiskyting vg1,vg2 og vg3	totalt 30 elever oppstart høsten 2017

Møre og Romsdal		
<ul style="list-style-type: none"> Rauma vgs. 	Bratt friluftsliv vg1, vg2 og vg3	totalt 36 elever oppstart flyttet til høsten 2021
Trøndelag		
<ul style="list-style-type: none"> Oppdal vgs. 	Alpint og telemark - vg1, vg2 og vg3	totalt 45 elever
<ul style="list-style-type: none"> Heimdal vgs. 	Hopp og kombinert - vg1, vg2 og vg3	totalt 30 elever
<ul style="list-style-type: none"> Meråker vgs 	Langrenn/skiskyting - vg1, vg2 og vg3	totalt 90 elever
<ul style="list-style-type: none"> Steinkjer vgs 	Friidrett vg1, vg2 og vg3	totalt 30 elever (inntil 5 plasser tilrettelagt for funksjonshemmede elever)
Nordland		
<ul style="list-style-type: none"> Narvik vgs. avd. Frydenlund 	Alpint - vg1, vg2 og vg3	totalt 30 elever
Troms og Finnmark		
<ul style="list-style-type: none"> Nord-Troms vgs. 	Langrenn/skiskyting - vg1, vg2 og vg3	totalt 35 elever

Vestland fylkeskommune har ei landsline ved Stryn vidaregåande skule innan skiskyting. Tidlegare Hordaland fylkeskommune hadde ingen landslinjer innan idrett. Landslinja på Voss gymnas skal ikkje konkurrere med tilbudet ved Stryn vgs. Ei landsline på Voss vil vere eit attraktivt offentleg tilbud for særleg Sør-Noreg som har langt færre tilbud innan idrett enn Midt- og Nord-Noreg.

Voss gymnas er lokalisert i sentrum med gode kollektivtilbod aust-vest i form av bussforbindelse og Bergensbana. Voss gymnas ligg 15 minutt frå fylkesanlegg innan både alpint, langrenn og friski/fristyle/snøbrett. Voss gymnas har særst gode idrettsfasilitetar som er særskilt innretta på skisatsing skulen har frå før. Skulen husar skimølle for langrenn, har prepperom for smørjing av ski og ein velutstyrt basishall (turnkasse) til trening, særleg innan friski/freestyle/snøbrett. Voss er også arrangørbygda Voss. Her har m.a. vore arrangert NM nordiske greiner 2012, VM i freestyle 2013, NM i skiskyting 2014, NM rulleskiskyting hausten 2020 m.fl..

Eit landslinetilbod innan idrettsfag for nemnde skiaktivitetar vil gjere at ein får ei større gruppe med utøvarar som er på same nivå, og som deltek på same renn- og treningsprogram. Elevane vil derfor kunne få ei god fagleg oppfølging i fellesfaga under treningssamlingar og i rennperiodar. Tilbodet er retta mot elevar som ønskjer å prioritere idretten sin. Tilbodet legg til rette for kombinasjon av vidaregåande opplæring og aktiv idrettssatsing, noko som erfaringsmessig gir høg gjennomføring.

Skisatsinga er på programområde idrettsfag, og Voss gymnas har samarbeid med dei lokale idrettslaga: Vossalangrenn, Voss alpint og Voss Freestyleklubb. I sum gjev dette eit betre tilbud for utøvarane/elevane av di dei også har eit treningsopplegg ut over skuletid. Gjennom dette samarbeidet får elevane eit heilskapleg tilbud med svært god oppfølging av elevane både i skuletid og på fritid. Samarbeidet mellom skule og klubb er òg viktig for planlegging av når og kor mykje ein elev kan delta på treningssamlingar og renn som går ut over ordinær skulegang.

Eit landslinetilbod vil erstatte dagens fylkesbaserte tilbud innan toppidrett.

Vidare prosess

Stillar hovudutval for opplæring og kompetanse seg positive til søknad om landsline på Voss gymnas, vil fylkesdirektøren starte prosessen med å søke Utdanningsdirektoratet om oppstart av landsline i toppidrett i skiidrettar ved Voss gymnas frå skuleåret 2023/24.

Utdanningsdirektoratet [sett krav til innhald](#) i søknaden. Mellom anna må alle fylkeskommunane stille seg positive til søknaden før Utdanningsdirektoratet kan handsame han.

Vedtakskompetanse

Utval for opplæring og kompetanse har avgjerdsmynde etter Reglement for delegering etter særlov, kap. 26, § 3-1. Føresegna seier at «Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til årleg å vedta tilbodet om vidaregåande opplæring i fylket innanfor den økonomiske ramma som er vedteken av fylkestinget».

Vurderingar og verknader**Økonomi:**

Landslineordninga finansierast gjennom statlege tilskot. Per 1.1.2020 er det statlege driftstilskotet til drift av landsliner i skiidrettar 84 400 kr. per elev. Driftstilskotet blir utbetalt med 85 % av godkjent kapasitet og 15 % av faktisk elevtal innanfor godkjent kapasitet. Det blir ikkje gitt tilskot til opplæring som ikkje har starta opp. Utstyrstilskot er berre aktuelt for landsliner som må nytte kostbart utstyr i opplæringa, og skiidrettar er ikkje av desse.

Dersom landslina vert godkjent for 30 elevar, vil fylkeskommunen få 2 532 000 kr. i tilskot.

Klima:

Ingen kjend effekt.

Folkehelse:

Tiltaket er retta inn mot elevar på toppidrettsnivå, og vil truleg ikkje gi ein generell folkehelseeffekt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Eit landslinetilbod på Voss spelar på fortrinna området har, og kan bidra til å auke attraktiviteten til staden.

Konklusjon

Hovudutval for opplæring og kompetanse støttar ein søknad om å opprette landslinetilbod om skiidrettar ved Voss gymnas. Tilbodet vil tidlegast kome i gang frå skuleåret 2023/24.